

Referat FAU-møte 13.november 2017

Til stades: Hilde Røneid (vara rosa), Ina Kristin Melheim (grøn), Anja Veum (vara oransje), Hege Fuhr(vara turkis), Nina Lid (turkis), Linn Fuhr Haugen (blå) og Anne Merethe Kvalsøren (styrar)

Sak 7 og 8/1718:

Informasjon frå Oppvekst ang sak frå førre møte. Det vert gitt plass til 3 nye småborn (6 plassar) på Rosa fom 1 .januar. Treng fleire plassar fom hausten 2018. FAU tek del i prosessen vidare og kan komme med innspel mtp bygging/løysingar.

Sak 9/1718:

På spørsmål om støtte til julefest frå banken vart svaret at dei ikkje kan hjelpe oss, men dei sponsar sjokolade og refleks. Det er bestemt at kvar familie betalar 30 kr. Det kan betalst kontant på festen, og me prøver å få til Vipps-løysing.

Julefesten vert 7.desember kl. 17.00. Alle i FAU inkludert vara møter 16.15 eller så snart som råd. Liste over oppgåver vert sendt ut.

Sak 10/1718:

Ymse:

Etter ynskje om utbetring av månadsplassering på førre møte, så opplev ein at det no er kome meir detaljar kring grupper og andre ting i grovgarderobane. Men framleis er det foreldre som ynskjer meir detaljar. Barnehagen tek tilbakemeldingane til seg, og vil prøve å gjere det endå tydelegare; kven gjer kva, kortid. Samstundes så er planane lagt opp litt for at ein skal kunne ta ting litt på «sparket». Og det er vanskelegare dersom planane er veldig detaljerte.

Spørsmål om kor ofte det vert utført førstehjelplærskurs hjå ansatte, og lagt inn ønskje om tilbod til foreldre. Barnehagertilsette har kurs annakvart år. Forslag til foreldremøte der ein har stasjonar.

Spørsmål om det er ok å poste fritidsaktivitetar på Facebooksida til barnehagen. Dette er ok, men innlegg må godkjennast av styrar før dei vert publisert.

Ynskje om betre informasjon ang nye ansatte, vikarar eller studentar.

Dersom det er studentar innom ein base i fire veker, så vil det ikkje vera naturleg at dette er

vaksne som skal introduserast for alle borna og heller ikkje for alle foreldre. Dei basane det gjeld får sjølvsgagt alltid informasjon om nye vikarar og studentar. Barnehagen skal vurdere korleis ein opplyser om nye vikarar og studentar (alle vs dei det gjeld). Alle foreldre er sjølvsgagt alltid velkomne til å helse på nye personar i barnehagen, for å skape kontakt og for informasjon.

Spørsmål om kor mykje/lite og evt korleis barnehagen snakkar om tema som overgrep, rus og omsorgsvikt i heimen. Ynskje om at det skal takast opp som eit tema på foreldremøte.

Ynskje om meir info ved henting. Det er uheldig at foreldre blir møtte med at personalet ikkje veit kva deira barn har drive med den dagen. Dette er styrar heilt enig i, og tek det opp på pedagogmøte snarast. Dette er noko barnehagen jobbar med for å bli betre på, og då er slike tilbakemeldingar viktige i arbeidet med å bli betre.

Kommunikasjon med informasjon på tavla og munnleg kommunikasjon ved henting er viktig.

Ref: Linn Fuhr Haugen